



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Vilt- og innlandsfiskenemnda  
**Møtestad:** Møterom A, Rådhuset  
**Dato:** 08.01.2008  
**Tid:** 16:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 1/08	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 2/08	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte</b>
PS 3/08	<b>Referatsaker</b>
PS 4/08	<b>Fellingsrapport for hjortejakta</b>
PS 5/08	<b>Tilskot frå viltfondet Samlesak 2007</b>
PS 6/08	<b>Viltnemnda - framtidig organisering</b>
PS 7/08	<b>Vedtekter for rydding langs veg - viltfondet</b>

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Roger Nedreklepp	Arkivsak nr.:	2007/2723
		Arkivkode:	K46

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
4/08	Vilt- og innlandsfiskenemnda	08.01.2008

## FELLINGSRAPPORT FOR HJORTEJAKTA 2007.

### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Fellingsrapporten for hjortejakta 2007 vert teken til vitande.*

### Vedleggsliste:

Fellingsrapport for hjortejakta  
Oversikt av kalvekontroll

### Uprenta saksvedlegg:

Innkome fellingrapportar  
Sett hjort-skjema  
Lister kalvekontroll

### Samandrag av saka:

Fellingsrapporten for hjortejakta 2007 syner òg i år ny fellingsrekord for Volda kommune, den førre vart sett så seint som i fjor. Fellinga i år vart heile 443 dyr, ein oppgang på heile 46 dyr eller om lag 12% i høve til fjoråret – dette viser at vi nok har ei stor, og sikkert veksande, hjortestamme i kommunen.

Det vert ei stor utfordring for viltforvaltninga å finne eit rett nivå på stamma i høve til beitegrunnet, og ikkje minst forvalte ei stamme i god balanse alders- og kjønnsmessig.

### Saksopplysningar:

Tildelinga i år var på 501 dyr, dette er berre fem dyr meir enn i 2006, medan avskytinga som nemnt vart 46 dyr høgre, med det vart fellingprosenten på heile 88, ein solid rekord det òg – og som forvaltninga sjølv sagt seier seg svært nøgd med. 88 % felling er svært høgt for hjort å være.

Denne rekordfellinga i Volda vitnar om ei stor og nok veksande hjortestamme i kommunen, trass i store uttak dei siste 10-15 åra.

Jakta vitnar vidare om god jaktutøving, og nok litt heldige omstende med tidleg snøfall som resulterte i at dyra trekte ned i lende.

Det har heller ikkje i år vore meldt om mange skadeskytingar, men viltforvaltninga har ikkje her full oversikt, då dette i utgangspunktet går i valda sin regi. Human og sikker jaktutøving er det aller viktigaste momentet i haustinga av hjorten.

Eit minus må trekkast fram – altfor sein rapportering av mange vald, og mange vald går att - dette resulterer i sein oversikt for kommunen, sein rapportering til SSB og mykje ekstraarbeid i forvaltninga. Frå neste år vil dette verte rapportert til SSB.

Fordeling avskyting mellom kjønn er 241 hanndyr/54 % og 202 hodyr/46 %.

#### Jaktresultat 2000 – 2007:

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Tildelt	518	497	480	439	461	480	496	501
Felt	343	369	374	343	368	351	397	443
Fell. %	66	73	78	78	80	73	80	88
Kalv %	23	26	23	25	24	20	26	27

Det er gledeleg at fellinga er meir i tråd med tildelinga enn nokon gong, ein høg fellingsprosent tyder at ein har ei felling etter intensjonane i tildelinga. Låg fellingsprosent vil i praksis utgjere ei meir fri felling.

Ein kan elles merke seg at felling av kalv har stigande tendens etter eit "litt svakt" resultat i 2005. Kalvefellinga er vel no på eit rimeleg rett nivå etter meir moderne hjorteforvaltning, men i den klassiske fellingsprofilen er det faktisk berre tilrådd 20 %.

#### Felling etter kategori:

År/kategori	Kalv	Kolle 1 1/2	Eldre kolle	Bukk 1 1/2	Eldre bukk
2002 %/n	23/84	10/37	25/94	20/75	22/82
2003 %/n	25/86	14/49	20/70	19/67	21/71
2004 %/n	24/90	18/65	17/63	21/76	20/74
2005 %/n	20/70	15/53	19/67	24/83	22/78
2006 %/n	26/102	15/60	20/78	16/64	23/93
2007 %/n	27/121	14/61	23/100	19/85	17/75

Ut frå den klassiske fellingsprofilen er det 5 x 20 % som har vore rådande som ei rettesnor. Viltfagleg må ein sjølv sagt ta ut dyr i høve til kva dyr ein meiner skal gå att i marka. Så lenge valda kanskje ikkje har ei klar meining om kva stamme ein vil ha, og kva dyr som faktisk utgjør stamma etter jakt - er det òg vanskeleg å seie kor vellukka avskytinga er.

T.d. kan den klare nedgangen i felling av eldre bukk i år både tyde på ei medveten haldning om å spare desse, eller er det lite eldre bukk att i stamma? Det er rimeleg mange "rapportar" om minkande vektor på dyra, diverre har vi lite dokumentasjon på dette. I tilfelle dette er rett, stadig minkande vektor, har forvaltninga eit stor utfordring, og det ligg opp til dei lokale valda og jegerane å ta tak i dette - det avgjerande å heile tida spare dei beste avlsdyra.

#### Vurdering og konklusjon:

Dei to siste åra har avskytinga auka med nesten hundre dyr, dette er oppsiktsvekkande i seg sjølv, men ein skal sjølv sagt heller ikkje dra nokon forhasta konklusjon. Det syner i alle høve at Volda, og distriktet, har ei stor hjortestamme. Om mogleg for stor, sjølv om t.d. skadebeiting ikkje er omfattande utanom dei kjende lokalitetane. Når rapporten frå det store beiteprosjektet vert klar til vinteren får vi truleg vite kor det står til med dei viktige vinterbeita.

**Økonomiske konsekvensar:**

Felling i år vil tilføre viltfondet brutto kr. 118.000.- men då bestandsplanområda har redusert fellingsavgift vil ein refundere om lag kr. 38.000.- Netto avkastning til viltfondet vert då kr. 80.000.-

Ein vil kome med ei sak om bruken av viltfondet på neste møte.

Svein Snipsøy  
landbrukssjef

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Roger Nedreklepp

Arkivsak nr.: 2007/1308

Arkivkode: 223

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/08	Vilt- og innlandsfiskenemnda	08.01.2008

## TILSKOT FRÅ VILTFONDET SAMLESAK 2007

### Administrasjonen si tilråding:

*Volda kommune v/viltfondet finn å kunne gje eit tilskot på kr. 3000 for 2007 til prosjektet "Kostar hjorten meir enn den smakar"*

### Vedleggsliste:

Søknad frå Bioforsk Fureneset/Fjaler av 07.02.07

Purring på søknad frå Bioforsk Fureneset/Fjaler av 05.10.07

Svar frå Volda kommune av 16.10.07

### Samandrag av saka:

Volda kommune har gjennom fleire år ytt midlar frå Viltfondet til beiteprosjektet ved Bioforsk Fureneset "Kostar hjorten meir enn den smakar". For å få full tilgang til sluttdata frå nemnde prosjektet, finn ein å støtte prosjektet i sluttfasen.

### Saksopplysningar:

Som det går fram av søknaden frå Bioforsk har denne forsøksstasjonen på Fureneset/Fjaler gjennom mange, sidan 2003, dreve omfattande beiteforsøk på innmark gjennom prosjektet "Kostar hjorten meir enn den smakar". Prosjektet har hatt forsøksflater over heile Vestlandet, frå Rogaland til Sunnmøre.

Volda kommune har ytt tilskot til prosjektet frå 2003 til 2006. Prosjektet har gjennom prosjektperioden vorte utvida, og vi har vore litt i tvil om kor lenge ein skulle henge med.

Det er ikkje tvil i at prosjektet har samla inn og systemisert mykje verdfull data når det gjeld beiteproblematikken med hjortebeite på innmark.

Sjølv om Volda kommune i regi av SSHU er inne i eit stort og tungt beiteprosjekt, finn ein å tilrå tilskot òg for 2007.

Dette vesentleg for å få ut all den informasjon som er oppakkumulert i prosjektet, ikkje minst for å få tilgjenge til sluttrapport og dataverktøy som vert utarbeidd no ved slutføringa av prosjektet. Viltforvaltninga var i utgangspunktet skeptisk til vidareføringa av tilskot, men ser at når ein først har ytt så mykje til prosjektet er det mest konstruktivt å gjere dei siste løyvingane òg for å få full tilgang til dei data som prosjektet produserer.

**Vurdering og konklusjon:**

Ut frå dette konkluderer ein med at Volda kommune følgjer prosjektet ut for med det å dra full nytte av resultat og data frå prosjektet ”Kostar hjorten meir enn den smakar

**Økonomiske konsekvensar:**

Tilskotet på kr. 3000.- vert dekt av kommunalt viltfond.

Svein Snipsøy  
landbrukssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Bioforsk Vest, Fureneset, 6967 Fjaler

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Roger Nedreklepp

Arkivsak nr.: 2007/2727

Arkivkode: K46

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/08	Vilt- og innlandsfiskenemnda	08.01.2008

## VILTNEMENDA - FRAMTIDIG ORGANISERING

### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Vilt- og innlandsfiskenemnda vil gå gjennom nemnda sine oppgaver og organisering i samsvar med k-styrevedtak i sak 107/07*
- 2. Av vilt- og innl.f.nemnda sine medlemmer vert det sett ned ei arbeidsgruppe på tre personar som saman med adm. utarbeider fram eit forslag til uttale frå nemnda til vidare politisk avgjerd.*

### Vedleggsliste:

Vedtak i k-styresak 107/07

### Uprenta saksvedlegg:

E-post om tidsfrist i saka 23.10.07.

### Samandrag av saka:

Viser til vedtak i Volda k-styre (vedlagd) om oppgaver og framtidig organisering av vilt- og innl.fiskenemnda i kommunen.

Etter presisering frå adm.sjef har ein frist til 01.01.09 om å kome med ei tilråding til politiske fora i kommunen. Som det kanskje er kjent var det under konstitueringa etter kommunevalet frå enkelte hald teke til orde om å legge ned vilt- og innl.f.nemnda. Det vart ikkje gjort, men nemnde vedtak vart gjort.

### Vurdering og konklusjon:

For å følge opp k-styrevedtaket vert det sett ned ei arbeidsgruppe som saman med adm. legg fram eit forslag til uttale frå viltnemnda som går vidare til politiske fora for avgjerd.

Svein Snipsøy  
landbrukssjef

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Roger Nedreklepp

Arkivsak nr.: 2007/2529

Arkivkode:

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/08	Vilt- og innlandsfiskenemnda	08.01.2008

## RETNINGSLINER FOR RYDDING LANGS VEG - VILTFONDET

### Administrasjonen si tilråding:

*Vilt- og innlandsfiskenemnda vedtek framlegget til retningslinjer for trafikktryggingstiltak slik det ligg føre.*

### Vedleggsliste:

Retningslinjer for bruk av viltfondet til trafikktryggingstiltak

### Samandrag av saka:

Vilt- og innlandsfiskenemnda gjorde i sak 08/07 vedtak om å setje inn midlar som trafikktryggingstiltak for i større grad å hindre trafikkulykker mellom hjort og køyretøy. I denne saka vart det vedtak om å utarbeide retningslinjer for dette arbeidet.

### Saksopplysningar:

Den stadig aukande hjortestamma har medført auka tal på ulykker mellom hjort og bil. Det seier sitt at i 1990 vart det felt 142 hjort i kommunen, i 2006 var talet 397. Med ein stadig aukande biltrafikk vert og faren for påkøyrslar større.

I 1990 vart 6 hjort påkøyrte og drepte i Volda, i inneverande år vert talet mellom 15 og 20. I ein slik situasjon må ein prøve å setje inn avbøtande tiltak.

På denne bakgrunn gjorde viltnemnda sitt vedtak i sak 08/07.

### Vurdering og konklusjon:

Dei framlagde retningslinjer vil vere ei rettesnor i arbeidet med trafikktryggingstiltak mellom hjort og køyretøy langs veg.

**Økonomiske konsekvensar:**

Det er eit stort løft viltfondet her tek på seg, opptil kr. 75.000.- pr år over ein treårsperiode. Ein har vald å satse så mykje på dette arbeidet i von om at ein kan luke ut dei mest farlege strekningane i Volda kommune når det gjeld påkøyrslar.

Svein Snipsøy  
landbrukssjef